

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

27. september 2013



**DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT**

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 27. september 2013 kl. 12.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Planlegging av regionale sentre for protonterapi

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Statssekretær Robin Martin Kåss (etter fullmakt frå statsråden)

Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen	Kjartan Longva
Nestleiar Aud Berit Alsaker Haynes	Ohene Aboagye
Gunnar Berge	Gerd Dvergsdal

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen	Fagdirektør Baard-Christian Schem
---	-----------------------------------

Også til stades

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold	Avdelingsdirektør Maiken Engelstad
Underdirektør Helga Daae	Seniorrådgiver Mikkel Hovden Aas
Spesialrådgiver Ragnhild Kolstad	

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, og møte ved Frode Linna.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Statssekretær Robin Martin Kåss ønske, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Oddvard Nilsen og statssekretær Robin Martin Kåss blei valde til å skrive under protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Statssekretær Robin Martin Kåss spurde om nokon hadde merknader til utsendt dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Planlegging av regionale sentre for protonterapi

Prop. 1 S (2012-2013) er det vist til at partikkelterapi, spesielt protonbehandling, er tatt i bruk internasjonalt og at det er grunn til å tru at partikkelterapi vil vere å føretrekke framfor konvensjonell stråleterapi for eit aukande tal kreftformer. Vidare er det vist til at tilbod om partikkelterapi til ein viss grad vil kunne erstatte behovet for nye strålemaskiner.

Med bakgrunn i oppdrag i føretaksmøte 15. oktober 2012 har dei regionale helseføretaka, under leiing av Helse Vest, greidd ut ulike mogelegheiter for etablering av partikkelterapi som behandling i Noreg. Rapporten låg føre i juni 2013. Etablering av partikkelterapi i Noreg vil vere eit betydeleg løft for kreftpasientar og for pasientretta forskning. I rapporten vart det vurdert tre hovudalternativ for organisering av partikkelterapibehandling i Noreg. Føretaksmøtet la til grunn at alternativet med etablering av mindre, regionale protonanlegg er eit godt alternativ for raskt å kunne tilby protonbehandling i Noreg og på lengre sikt mogeleg etablering av eit felles karbonanlegg i Noreg.

Helse- og omsorgsdepartementet orienterte om at det er ønskeleg å setje i gong idéfase for etablering av fire regionale sentra for protonterapi lokalisert til Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø.

Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF å leia oppdraget med idéfasearbeidet for etablering av regionale protonsentre. Føretaksmøtet bad dei andre regionale helseføretaka om å bidra i arbeidet. Føretaksmøtet la til grunn at arbeidet vert gjennomført innan 1. desember 2014, og at det omfattar eit mandat for konseptfasen inklusiv mål, føresetnader og rammer for prosjektet, samt ressursar og plan for gjennomføring av konseptfasen, jf. *Veileder for tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekter*.

I planarbeidet vert det lagt til grunn etablering av ei koordinerande eining ved eit av protonsentra som får ansvar for å sikre geografisk rettferdig fordeling av pasientane og for koordinering av felles protokollar for behandling av pasientane. Vidare skal ein planlegge for utvikling av ein nasjonal samarbeidsmodell der universitetsklinikkar som har protoneiningar samarbeider med andre klinikkar utan anlegg, og at det vert etablert eit nasjonalt forskningssamarbeid på partikkelterapi.

Føretaksmøte vedtok:

Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka i fellesskap gjennomføre idéfase for etablering av regionale protonsentra lokalisert i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Føretaksmøtet ber Helse Vest lede arbeidet med bidrag frå dei andre regionale helseføretaka. Frist for oppdraget vert sett til 1. desember 2014.

Møtet vart heva kl. 1215.

Oslo, 27. september 2013

Robin Martin Kåss

Oddvard Nilsen

Foreløpig versjon